



Saksframlegg

Støtte til temaveke om psykisk helse, livsmeistring og trafikksikkerheit 2025, V-T vidaregåande skule

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad støtte temaveke 2025 til kommunane.docx
- 2 Temaveke 2025 - psykisk helse, livsmeistring og trafikksikkerheit - søknad om tilskot

Bakgrunn for saka:

Bakgrunnen for søknaden og temaveka er at Vest-Telemark vidaregåande skule har søkt om støtte til temaveka, hausten 2025 - psykisk helse, livsmeistring og trafikksikkerheit. Dei hadde ei temaveka for nokre år sidan, der dei også fokusera på blant anna trafikksikkerheit. Dei såg ein positiv nedgang i hendingar, som ruspåverka køyring.

Dei har invitert kjendisar som Geir Aker og Else Kåss Furuseth til å snakke om livsmeistring og psykisk helse. Desse har fenga mange unge i måten dei snakkar på. Det skal også vere konsert med Runde Sanden m/band. I tillegg til felles måltid for elevane er denne veka stipulert til ein total kostand på kr 130.000,-

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Satse på tidleg innsats, inkludering og toleranse som førebyggjande tiltak og ha fokus på barn og unge si fysiske og psykiske helse og livsmeistring.

I søknaden står det blant anna:

«Vest-Telemark vidaregåande skule som må ta største delen av kostnadene i eit slikt prosjekt, men dei er ute etter samarbeidspartnarar og støttespelarar frå heile regionen som kan bidra til at dette prosjektet blir ein suksess. Dette er ikkje berre ei moglegheit for å støtte ei viktig sak, men også ein sjanse for kommunar i Vest-Telemark å vise sitt engasjement for ungdommen i regionen. Ved å støtte temaveka, viser kommunane at dei bryr seg om ungdommens helse, tryggleik og framtid. Det er gjennom samarbeid på tvers av kommunegrensene at vi kan skape ein sterkare region, der ungdommen får dei nødvendige verktøya for å møte livets utfordringar. Vi kan garantere god mediedekning og oppslag for våre støttespelarar, både gjennom reklame i programheftet, bannarar på skulen, og omtale i ulike medium. Dykkar bidrag vil gjere ein stor forskjell, og vi mottar alle bidrag med stor takknemleg»

Konklusjon:

Dersom Vest-Telemark vidaregåande skule vel å arrangere ei slik veke, vil det vere nærliggande å tanke at skulen har eit budsjett i grunnen. Men Fylkeskommunen har ved denne skulen også måtte stramme inn på det økonomiske. At Vest-Telemark vidaregåande skule tek ungdommen si psykiske helse på alvor og har fokus på førebyggjande tiltak er veldig bra. Det er viktig at vi står samla når det gjeld dette med risikofylt åtferd og psykisk helse.

Fyresdal har i dag kontakt med Vest-Telemark vidaregåande skule på fleire måtar. Vi har dei fleste av elevane våre der, vi tek i mot lærlingar derifrå og vi er med i felles leiarforum i Vest-Telemark, der kommunane arbeider tett saman med vidaregåande på Dalen med ulike tema. At ungdomane har det moro i lag og får denne opplevinga er slike ting Fyresdal kommune ikkje har mogelegheit til å prioritere nå.

Hovudutval for kultur og oppvekst stør temaveka på Vest-Telemark vidaregåande skule med kr 5.000,-. Med løyving frå 1113 470 231. Restsum i disponibel pott blir då kr 17.500,-

Innstilling frå kommunedirektøren:

Hovudutval for kultur og oppvekst stør temaveka på Vest-Telemark vidaregåande skule med kr 5.000,-. Med løyving frå 1113 470 231

Restsum i disponibel pott blir då kr 17.500,-

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Liv Johre-Bakke
	kommunalsjef kultur og oppvekst